

# Bø mållag

## Årsmelding 2013

Årsmøtet for 2012 var på Meierismuget 7. februar 2013. Det var 13 medlemmer med røysterett til stades. Leiar for Språkåret, Inger Johanne Sæterbakk, innleidde til samtale om Språkåret 2013.

Styret har vore samansett slik etter årsmøtet:

Leiar:	Margit Ims (2013)
Nestleiar:	Annette Myhre Hansen (vald for 2013 og 2014)
Kasserar:	Dag Hallvard Østtveit (vald for 2013 og 2014)
Skrivar:	Aase Marie Ulberg (vald for 2012 og 2013)
Styremedlem:	Bjørn Seljebotn (vald for 2013)
Vara:	Gunnbjørg Miland (2013)
Vara:	Torhild Aavik (2013)

Laget har hatt 10 styremøte i 2013. Våren 2013 møtte Gunnbjørg Miland for Bjørn Seljebotn. Laget hadde 76 medlemmer ved årsskiftet, ein auke på 5.

Eiliv Astad representerte Bø mållag på årsmøtet til Telemark Mållag i Skien 6. april. Margit Ims var utsending til landsmøtet i Noregs Mållag i Ørsta 19.–21. april.

- **Norsk Barneblad.** Alle 5.-klassingar i Bø får årsabonnement.
- **Nynorsk skrivekonkurrans.** Bø mållag arrangerte skrivekonkurrans med språktema for ungdomsskuleelevar. Ein ekstern jury vurderte bidraga. Godt samarbeid med skulen.
- **Bokbeite.** Bø mållag tok initiativ til å starte høgtlesing av nynorsk barnelitteratur på Bø bibliotek. Gjennom året har det vore 9 Bokbeite-samlingar, med forfattarbesøk 3 av gongene. I mai var lesestunda knytt til litteraturfestivalen Bøker i Bø.
- **Informasjonsskriv til foreldre.** I samband med innskriving av førsteklasingar har styret delt ut informasjonsskriv som motiverer foreldre til å velje nynorsk opplæringsmål.
- **Nynorskstafetten.** Noregs mållag markerte jubileet for Ivar Aasen med ein turné landet rundt. 5. april besøkte turnébilen Midt-Telemark. Bø og Nes mållag samarbeidde om tilskipingar i

Sauherad og Bø med forfattarbesøk på dei tre barneskulane, språkseminar på høgskulen og kulturkveld på Kjernehuset på Gvarv.

- **Møte med politisk leiing i Midt-Telemark.** I samband med Språkåret og Nynorskstafetten møttest representant frå Noregs Mållag, Bø mållag og Nes mållag med representantar frå Bø og Sauherad kommune til samtale om språkarbeid 8. april. Begge kommunane mottok språkpakke, mellom anna med tips og råd til godt språkarbeid.
- **17. mai.** Mållaget hadde representant i 17. mai-komitéen.
- **Ope møte med Oddmund Hoel.** Oddmund Hoel har skrivne andre bandet av historia om norsk målreising. 11. september innleidde han på Bø bibliotek om temaet «det nynorske byproblemet». Det var diverre få som møtte.
- **Lugarkveldar.** 2. mars og 28. september var det lugarkveldar på Pizzafjoset, med både lokale og tilreisande skrønemakarar.
- **Konsert med Åsmund Nordstoga.** Åsmund Nordstoga hadde turnestopp i Gullbring med «Guten» 27. oktober, der Bø mållag var medarrangør.
- **Ope møte med Ottar Grepstad.** I høvet jubileumsåret for Ivar Aasen gav Ottar Grepstad ut ny Aasen-biografi. 23. oktober presenterte han boka på Kjernehuset på Gvarv. Bø og Nes mållag samarbeidde om arrangementet. Styret set pris på det gode samarbeidet med Nes mållag.
- **Målblomen til Silkevippa.** Silkevippa er ein av få butikkar med lokale i Bø som gjennomført nyttar nynorsk i verksemda si.
- **Nynorske annonsar.** Bø mållag har ståande tilbod om hjelp til næringsdrivande som ønskjer å annonsere på nynorsk. Hausten 2013 har styret oppretta kontakt med Sentrumsringen om samarbeid om nynorsk i det lokale næringslivet.
- **Salsverksemd.** Bøgradestokken frå 2007 er framleis ei god inntektskjelde for laget. Mållaget stilte på Bø torg på marknadsdagen i mai. Julehefte blei selt på julemessa på Bø museum og av to barn.
- **Politisk arbeid.** Bø mållag sendte høyrings svar til forslaget til revidert læreplan i norsk og til framlegget til samfunnsdelen av kommuneplanen i Bø kommune. Me ventar på politisk behandling av framlegga frå Bø mållag til kommuneplanen.
- **Skulemålsrøysting i Sauherad.** Medlemmer i Bø mållag hjelpte til med utdeling av informasjonsmateriell.

Styret for Bø mållag, januar 2014

## Årsmøtesaker

Opning av årsmøtet.  
Godkjenning av saksliste og innkalling.  
Val av ordstyrar og skrivar.  
Godkjenning av årsmelding for 2013.  
Lokallagskontingent for 2015.  
Godkjenning av rekneskap for 2013 og budsjett for 2014.  
Val etter vedtektene ved valnemnda.  
Val av utsendingar til årsmøtet i Telemark Mållag 15. mars og landsmøtet i Noregs Mållag 4.-6 . april 2014.  
Drøfting av lagsarbeid i 2014.

Lett servering.

## Ope møte

Frå klokka 20.00 er det temamøte om «Språk og identitet i framtidens Midt-Telemark». Hilde Eika Nesje (redaktør i Bø blad), Sigbjørn Hjelmbrække (nestleiar i Noregs Mållag) og Mikkel Aanderaa (Nes mållag) stiller til samtale.

*Velkomne!*



## **Bø mållag** *Innkalling til årsmøte*

Onsdag 12. februar 2014  
kl. 18.30 på Bø prestegard



*Utdeling av målblomen september 2013. Foto: Bø blad*